

## KOMMISJONSVEDTAK

2013/EØS/38/02

av 18. juli 2007

**om endring av vedtak 2006/802/EF med omsyn til kjøt av svin som er vortne vaksinerte med ein svekka levande konvensjonell vaksine i Romania(\*)***[meldt under nummeret K(2007) 3418]*

(2007/522/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA  
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske  
felleskapet,

med omsyn til tilmeldingstraktaten for Bulgaria og Romania,

med tilvising til tilmeldingsakta for Bulgaria og Romania,  
særleg artikkel 42,

med tilvising til rådsdirektiv 2001/89/EF av 23. oktober 2001  
om fellesskapstiltak for bekjempelse av klassisk svinepest<sup>(1)</sup>,  
særleg artikkel 19 nr. 3 tredje leddet, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonsvedtak 2006/802/EF av 23. november 2006 om godkjenning av planane for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin og naudvaksinasjon av slike svin og svin i driftseiningar mot denne sjukdommen i Romania<sup>(2)</sup> vart vedteke for å motkjempe klassisk svinepest i den nemnde medlemsstaten.
- 2) Ved artikkel 4 i det nemnde vedtaket godkjende Kommissjonen den planen som Romania la fram 27. september 2006 om naudvaksinasjon med ein svekka levande konvensjonell vaksine mot klassisk svinepest hjå svin i driftseiningar for svin (heretter kalla «den godkjende planen»).

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 193 av 25.7.2007, s. 23, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 40/2008 av 25. april 2008 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 52, 21.8.2008, s. 1.

<sup>(1)</sup> TEF L 316 av 1.12.2001, s. 5. Direktivet sist endra ved direktiv 2006/104/EF (TEU L 363 av 20.12.2006, s. 352).

<sup>(2)</sup> TEU L 329 av 25.11.2006, s. 34.

3) I artikkel 5 bokstav c) i vedtak 2006/802/EF er det fastsett at Romania skal syte for at kjøt av svin som er vaksinerte i samsvar med artikkel 4 i det nemnde vedtaket, vert avgrensa til konsum i private hushald eller til direkte levering i små mengder frå produsenten til sluttbrukaren eller til lokale marknader i den same kommunen, og ikkje skal sendast til dei andre medlemsstatane. I medhald av artikkel 5 bokstav b) i det nemnde vedtaket skal slikt svinekjøt påførast særskild merking.

4) I den godkjende planen er det fastsett at det er forbode å flytte tamsvin og dessutan kjøt, produkt og biprodukt av desse, frå ikkje-profesjonelle driftseiningar, bortsett frå til privat konsum innanfor opphavsdriftseininga. Der det er føremålstenleg, kan levande dyr marknadsførast berre på den lokale marknaden.

5) 3. mai 2007 la Romania fram for Kommissjonen ei endring av den godkjende planen. I medhald av den godkjende planen, slik han er endra, kan det på visse vilkår gjevast løyve til å flytte svin direkte frå mindre eller ikkje-profesjonelle driftseiningar og, dersom naudvaksinasjon med ein svekka levande konvensjonell vaksine er vorten utført i samsvar med artikkel 4 i vedtak 2006/802/EF, til eit slakteri i den same regionen som de opphavsdriftseininga ligg, eller dersom det ikkje finst eit slakteri i denne regionen, til eit slakteri i ein tilgrensande region.

6) I tillegg har Romania søkt om eit mellombels unntak frå artikkel 5 bokstav c) i vedtak 2006/802/EF fram til 31. august 2007 for å kunne marknadsføre kjøtet frå desse svina lokalt i regionane, ettersom det oppstod store problem med å finne ein tilstrekkeleg lokal marknad innanfor kommunen.

- 7) Endringa av den godkjende planen og søknaden om unntak frå artikkel 5 bokstav c) i vedtak 2006/802/EF er i samsvar med målet om å utrydde klassisk svinepest i Romania. Av omsyn til dyrehelsa bør dette unntaket likevel vere underlagt visse vilkår, og særleg bør svinekjøtet påførast eit særskilt merke som fullt ut garanterer at kjøtet kan sporast, og det bør ikkje sendast til dei andre medlemsstatane.
- 8) Vedtak 2006/802/EF bør difor endrast.
- 9) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

I vedtak 2006/802/EF vert det gjort følgjande endringar:

1. Artikkel 4 skal lyde:

«Artikkel 4

**Plan for naudvaksinasjon med ein svekka levande konvensjonell vaksine mot klassisk svinepest hjå svin i mindre driftseiningar**

Den planen som Romania la fram for Kommissjonen 27. september 2006 for naudvaksinasjon med ein svekka levande konvensjonell vaksine mot klassisk svinepest hjå svin i driftseiningar i det området som er fastsett i nr. 4 i vedlegget, er godkjend med den endringa som vart lagd fram for Kommissjonen 3. mai 2007.»

2. Ny artikkel 5a skal lyde:

«Artikkel 5a

**Unntak frå dei vilkåra som er fastsette i artikkel 5 c)**

1. Som unntak frå artikkel 5 bokstav c) kan Romania gje løyve til å marknadsføre kjøt av svin som er vaksinerte i samsvar med artikkel 4, på den lokale marknaden i den same regionen som der opphavdriftseininga til desse svina ligg, på det vilkåret at kjøtet

- a) er vorte registrert i slakteriet i samsvar med instruksjonane frå den rette styresmakta,
- b) er vorte forvara og lagra åtskilt frå svinekjøt som ikkje er omfatta av denne artikkelen,
- c) er påført eit særskilt helse- eller identifikasjonsmerke som
- i) skil seg frå dei merka som er nemnde i artikkel 5 bokstav b),
- ii) ikkje kan forvekslast med det fellesskapsstempellet som er nemnt i artikkel 4 i vedtak 2006/779/EF,
- d) berre kan sendast til verksemdar innanfor den same regionen som der opphavdriftseininga til svina ligg,
- e) er vedlagt eit sertifikat som er utferda av ein offentlig veterinær, med nærmare opplysningar om opphav, identifikasjon og mottakarstad for svinekjøtet.
2. Svinekjøtet som er nemnt i nr. 1, skal ikkje sendast til andre medlemsstatar.»

*Artikkel 2*

Romania skal straks gjere dei tiltaka som er naudsynte for å rette seg etter dette vedtaket, og offentleggjere desse tiltaka. Romania skal straks melde frå til Kommissjonen om dette.

*Artikkel 3*

Artikkel 1 nr. 2 skal nyttast fram til 31. august 2007.

*Artikkel 4*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 18. juli 2007.

*For Kommissjonen*

Markos KYPRIANOU

*Medlem av Kommissjonen*